



Helga Wigestrand Moe og Bjørn Moe
Østre Noreidbrekka 15
5252 SØREIDGREND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2124 - 15/19528

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
18.05.2015

Gbnr 62/14 Tofting. Løyve til å dele frå parsellar for makebyte.

Eigedom: Gnr.62 bnr.14 Tofting
Adresse for eiged.: Lurevegen
Type tiltak: Deling av grunneigedom med føremål makeskifte
Heimelshavar: Helga Wigestrand Moe og Bjørn Moe
Søker: Byggmester Knut-Arve Revheim

Eigedom: Gnr.62 bnr.12 og 13 Tofting
Adresse for eiged.: Lurevegen 1003
Type tiltak: Deling av grunneigedom med føremål makeskifte
Heimelshavar: Lisbeth Ljones Aulin og Bård Aulin
Søker: Byggmester Knut-Arve Revheim

Saka gjeld:

Dei to eigedommane 62/14 og 62/12,13 ligg ved sida av kvarandre i feltet for fritidseigedommar på Myksvoll. Slik tilhøva er i dag har 62/14 ikkje tilkomst utan å måtte føre vegen fram over 62/12,13.

Søknaden no gjeld makebyte av areal slik at 62/14 får grense til hovudvegen og kan føre veg til fritidsbustad fram over eigen grunn.

62/14 har i dag eit areal på 1200. Eigdommen skal få om lag 590m² overført frå 62/12,13.

62/12,13 har i dag eit areal på 2000m² og får attende om lag 268m².

Makebyttet er med andre ord ikkje heilt make. Dette er ei privatrettsleg sak mellom dei to partane, som kommunen ikkje tek stode til.

Søknaden er fremja som ei sak, men gjeld søknad om å få dele desse to eigedommane. Delingane vert handsama samla, men det vert treft vedtak separat for kvar av eigedommane om løyve til deling.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Planstatus/dispensasjoner:

Tiltaket gjeld makeskifte mellom to fritidseigedommar. Eigedommane ligg i område som i gjeldande kommuneplan er sett av til føremålet. Det er såleis ikkje naudsynt med dispensasjon i denne saka. Dette gjeld sjølv om tiltaket ligg i strandsona.

Tilkomst:

Tiltaket gjeld arrondering av eigedom slik at gbnr.62/14 skal få tilkomst over eigen grunn. Tilkomst er til FV404 Lurevegen. Det er gjeve løyve frå Statens vegvesen datert 23.04.2015. «Statens vegvesen har ikkje merknader til at ytterlegare ein fritidseigedom vert knytt til den omsøkte avkøyrsla. Førehandstilsegna vert fornya og utvida til å gjelde for til saman fire fritidsbustader.» det er knytt vilkår til løyvet som gjeld utforming og siktelinjer.

Gbnr62/12,13 har godkjend avkøyrsla.

Vassforsyning/avløp:

Gbnr.62/14 er ikkje bygd på, men planar for avløp og vassforsyning er høvesvis til privat fellesanlegg og borehol eller takvatn.

Gbnr.62/12,13 har godkjend løysing med vatn frå brønn og avløp til privat fellesanlegg.

Det er ikkje naudsynt å sende saka til uttale hjå overordna mynde.

VEDTAK 1:

Med heimel i Pbl §20-1 bokstav m) gjev Lindås kommune løyve til å dele frå ein parsell på om lag 268m² frå gbnr.62/14 slik det er søkt om og synt på kart merkt «forslag til deling». Kartet er vedlegg til sak 15/2124 motteke i kommunen 06.05.2015. Parsellen skal overførast som tillegg til gbnr.62/12,13.

VEDTAK 2:

Med heimel i Pbl §20-1 bokstav m) gjev Lindås kommune løyve til å dele frå ein parsell på om lag 590m² frå gbnr.62/12,13 slik det er søkt om og synt på kart merkt «forslag til deling». Kartet er vedlegg til sak 15/2124 motteke i kommunen 06.05.2014. Parsellen skal overførast til gbnr.62/14.

Grunngjeving for vedtaka:

Kommunen vurderer søknad om deling etter Pbl §§20-1 og 26-1:

«Eigedom må ikkje delast på ein slik måte at det oppstår forhold som er i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan. Heller ikkje må eigedom delast slik at det vert skipa tomter som etter kommunen sitt skjøn er mindre vel eigna til bygging på grun av storleik eller form.»

Det gjeld deling av to eigedommar for makeskifte mellom desse. Deling er i samsvar med gjeldande plan, då tiltaka ligg i område sett av til føremålet. Tiltaket vil gjere den eigedommen som det pr. i dag ikkje er bygd på, meir skikka til bygging. Vegstyresmaktene har gjeve løyve til auka bruk at utkøyring.

Søknad om deling er vurdert og løyve gjeve etter offentlegrettslege føresegner gjeve i eller med heimel i plan- og bygningslova. Det kan kvile servituttar ved eigedommane som privatrettsleg kan vere til hinder for deling. Privatrettslege forhold vedkjem ikkje løyvet til deling av eigedommen gjeve av kommunen med heimel i Pbl.

Bortfall av løyve:

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyvet til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf. Pbl § 21-9.

Gebyr:

Etter gebyrregulativet til kommunen vedteke 11.12.2014, gjeldande frå 01.01.2015, vert det sendt ut følgjande gebyr:

Deling av eigedom i samsvar med arealføremål, området er uregulert kr.6200,-

Mynde:

Saka er handsama og avgjort av Planavdelinga i høve til delegert mynde.

Klage:

Avgjerda er eit enkeltvedtak. Partane kan klage til overordna mynde over avgjerda innan tre veker frå ein fekk kunnskap om vedtaket, jf.§§ 28 flg. i Forvaltningslova.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Knut-Arve Revheim

Absalon
Beiersgt.25

5053

BERGEN

Mottakarar:

Helga Wigestrands Moe og Bjørn Moe	Østre Noreidbrekka 15	5252	SØREIDGREND
Lisbeth Ljones Aulin og Bård Sigurd Aulin	Sætrevegen 10C	5236	RÅDAL